



Thomas Hagewick
Holtermandsvegen 21 B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19282 - 21/18778

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
17.03.2021

Tiltaket er søknadspliktig - trong for ytterlegare informasjon - gbnr 323/83 Frekhaug

Tiltak: Innredning av garasje
Byggjestad: Gbnr 323/83 Frekhaug
Tiltakshavar: Thomas Hagewick

Saka gjeld

Kommunen viser til brev vi sendte deg 04.02.21 og svar frå deg med redegjørelse motteke 11.02.21. Vi takkar for rask og utfyllande tilbakemelding.

Arbeidet er søknadspliktig

Basert på bilete og utgreiing i saka kan vi stadfeste overfor deg at det er gjort søknadspliktige endringar. Det er mellom anna ikkje samsvar mellom dei fasadeteikningar som er godkjent på byggesaka og den utførelsen vi ser av bilete og redegjørelse. Det kan også være at innredning slik det er gjort krev søknad, men dette vil byggesak ta endeleg stilling til når dei mottek denne.

Vi forstår svaret ditt slik at du no er i ein prosess med å søke om godkjenning for dei endringane som er gjort. Avdeling for miljø & tilsyn vil difor sette saka som gjeld fasadeendring og eventuell bruksendring i bero hjå oss fram til 01.05.21.

Ber om ytterligare tilbakemelding

Då det ser ut til at «garasje» er teken i bruk gjev dette grunn til å anta at også andre delar av tiltaket som vart godkjent i vedtak datert 22.01.18 er teke i bruk. Kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om ferdigattest/bruksløyve i saka.

Vi ber om tilbakemelding på dette og minner om at det ikkje er lov å ta i bruk tiltaka før ferdigattest/bruksløyve er gitt.

Vi ber om tilbakemelding og redegjørelse rundt dette spørsmålet **innan 01.04.21**.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/19282

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Thomas Hagewick

Holtermandsvegen 21 B 5918 FREKHAUG